

Til Alver kommune v/ byggjesaksavdelinga.

Søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen i Meland/Alver.

Med heimel i Plan-og bygningslova prg. 19.2 vert det søkt om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen i Meland/Alver for frådeling av ein tilleggsparsell til eksisterande eigedom.

Frådelinga vil skje frå gnr. 351 bnr. 13 til gnr. 351 bnr. 151. Tilleggsarealet er på om lag 228 kvm. Arealet som skal frådelast ligg i dag inneklemt mellom tilkomstveg til området og den eigedomen tilleggsarealet skal leggjast til dvs. bnr. 151. Frådelinga vil gi ei naturleg arrondering av eigedomen. Eigedomen som tillegget skal gå til er ikkje bygd på og er tenkt nytta til fritidsbustad til liks med tilliggjande eigedomar i området.

Tilleggsarealet er utmark av dårleg bonitet og har korkje landbruksmessig eller friluftsmessige interesser. Arealet vil gå frå LNF areal til fritidshusareal. Nærområdet til dette arealet er for det meste alt frådelte og bygde fritidseigedomar. Frådelinga vil derfor ikkje vesentleg endra arealbruken i området.

Frådelinga vil ikkje gi nokon ulemper for nokon. Fordelene med frådelinga vert at eigedomen nå vil grensa ned mot tilkomstveg og derfor gi betre tilkomst samt at denne tilleggsparsellen vert ein del av fritidseigedomen som vil bli opparbeidd og tatt hand om på ein god måte.

Vilkåra i Plan-og bygningslova Prg. 19.2 for å kunne gi dispensasjon er derfor stetta.

Frekhaug 15.03. 2021.

For tiltakshavar Øyvind Landsvik. Eigar av gnr. 351 bnr. 13.

Jens H. N. Bjørdal.

Ansvarleg søkjar.

